

KOMMUNEDELPLAN FOR FYRESDAL SENTRUM

2006 – 2020



Vedteken 22.06.06

Forside: Bilete frå Høgenut teke av Gunhild Momrak

1. Innleiing/ bakgrunn	3
2. Innspel til planarbeidet	4
1. Astrid Ormtveit – bustadtomter Grunnvik	4
2. Inge og Evy Aamlid – bustadtomter Grunnvik	4
3. Statens vegvesen	4
4. Opplysningsvesenets fond, OVF	4
5. Bergvesenet	4
6. Torfinn Wæthing	4
7. Halvor Skjulestad – bustadtomter Tøddebakkane / Lunde	4
8. Tarjei Haugen- steinbrot ved Rydland	4
9. Fylkesmannen i Telemark (innspel til varsel + planprogram)	4
10. Telemark Fylkeskommune	4
11. Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE	5
12. Barnerepresentant Svein Slyngstad	5
13. Olav Kjetil Greivstad	5
3. Analyse - dagens situasjon	6
Landskap (kart 1)	6
Utbyggingstrekk	6
Bustader (kart 2)	6
Offentlege bygningar (kart 3)	6
Handel/ service/ Industri (kart 4)	6
Tidlegare vedtekne regulerings- /bebyggelsesplanar i området	7
Viktige friluftsområde, grøntkorridorar (kart 5)	7
Naturverdiar/ biologisk mangfald (kart 6)	8
Landbruksinteresser (kart 7)	8
Infrastruktur (kart 8)	8
4. KONSEKVENSGREIINGAR	9
1. Steinbrot og motorsportanlegg	9
2. Bustadområde	11
1. Kynjushamaren	12
2. Grunnvik - POS	13
3. Grunnvik Aust	15
4. Tøddebakkane aust	16
5. Svalestog	17
6. Sørbygda	18
3. Offentlege byggjeområde	19
5. Vurdering av støy i planområdet	21
6. Val av nye utbyggingssområde for bustader	22
7. Regulerings- bebyggelsesplanar i delplanen	23
Folkestadbyen	23
Flytting av anlegg for sorteringsanlegg/ hyttecontainerar ved flyplassen	23
8. Tilrettelegging for mjuke trafikantar:	24
Gang-/ sykkelveg eller fortau?	24
9. Område for motorsport og massetak (steinbrot)	26
Nytt motorsportanlegg	26
Massetak	26
10. Born og unge sine interesser i planarbeidet	27
11. Friluftsliv og naturvern	28
12. Kulturminnevern	29
Skeiasteinen	29
Gravfelta i Folkestadbyen	29
Folkestadbyen	29
VEDLEGG	30

1. Innleiing/ bakgrunn

Gjeldande kommunedelplan for Fyresdal sentrum er frå 1991. Ynsket om fleire alternative bustadtomter kring sentrum av Fyresdal, var hovudgrunnen til at kommunestyret den 19.05.05 vedtok å starte revidering av kommunedelplanen for sentrum. Varsling om oppstart av planarbeidet vart gjort i juli 2005. Varselet vart sendt grunneigarar i planområdet, lag og organisasjonar samt fylkestyresmakter. Planarbeidet vart òg kunngjort i lokalavisa VTB og kommuneinformasjonen.

I samband med varslinga gjorde fylkesmannen i Telemark ein merksam på at nye reglar om konsekvensutgreiingar etter Plan- og bygningslova var gjort gjeldande frå 1. april 2005. Trass i at arbeidet med kommunedelplanen hadde starta opp før denne tid, vart det naudsynt å utarbeide planprogram etter dei nye reglane. Planprogrammet vart utarbeidd hausten 2005, låg ute til høyring i november og vart vedteke i kommunestyret 15.02.06.

Planarbeidet tek utgangspunkt i mål og strategiar som er nedfelt i overordna planverk, sjå nærare om dette i planprogrammet.

Det vart halde planforum på Fylkeshuset 03.02.05. Referat frå møtet fylgjer som vedlegg.

2. Innspel til planarbeidet

Merknader/ innspel som har kome inn til planarbeidet i samband med varslings/ utarbeiding av planprogram går fram nedanfor:

1. Astrid Ormtveit – bustadtomter Grunnvik

Ynskjer å leggje til rette bustadtomter i området bak Grunnvik Landhandel, ved gamlevegen til Kåsegrend.

2. Inge og Evy Aamlid – bustadtomter Grunnvik

I samråd med grunneigar på 36/5 legg dei fram ynskje om at det vert lagt ut 4 bustadtomter i skogområdet nord for Pleie- og omsorgssenteret, samt 6 bustadtomter på dyrkamarka i Grunnvik.

3. Statens vegvesen

Minner om at kommunedelplanar også må innehalde haldningsklasser for avkøyringar frå riks- og fylkesvegar og at dei ulike haldningsklassene må gå fram av planmaterialet.

4. Opplysningsvesenets fond, OVF

OVF eige sentrale delar av Fyresdal sentrum og meiner ein bør styrke tettstadene med bustad-, service- og næringsområde.

5. Bergvesenet

Ingen merknader førebels.

6. Torfinn Wæthing

Ynskjer at eigedomen 34/1, nordre Moghus, held fram med status som LNF-område.

7. Halvor Skjulestad – bustadtomter Tøddebakkane / Lunde

Ynskjer å få lagt ut 2 – 5 bustadtomter i Sitjebakkane, aust for noverande bustadfelt (ved Lunde).

8. Tarjei Haugen- steinbrot ved Rydland

Ynskjer å leggje ut eit område på om lag 100 daa til steinbrot nordaust for Fyresdal flyplass, ved Rydland. Det er stor etterspurnad etter knusa stein i regionen og det er difor ynskjeleg å etablere steinbrot for å imøtekomme denne marknaden. Etter at steinbrotet er avslutta kan det vere aktuelt å leggje området ut til byggjeområde for industri eller tomter av anna slag.

9. Fylkesmannen i Telemark (innspel til varsel + planprogram)

Temaet samfunnstryggleik må utgreiast, dvs. avklare ulike faremoment i utbyggingsområda. FM føreset at dokumentasjon/ utgreiingar knytt til natur- og miljøverdiane i området vert lagt til grunn for arbeidet.

Det er positivt at barnerepresentanten i kommunen er teke inn i gruppearbeidet.

10. Telemark Fylkeskommune

Lokalisering av nye bustadområde må lokaliserast slik at det inneber ei styrking av kommunesenteret. Dette inneber at bustadområda må ha gang-/ sykkelveg til kommunesenteret og med etablerte turvegar som sikrar folk tilgang til friluftsområde.

I høve til fylkesdelplan for senterstruktur i Telemark, bør Fyresdal sjå på eigen identitet og fortrinn som Folkestadbyen kan ha i høve til å trekkje til seg aktivitet og folk til kommunesenteret. Fornminna, bygdetunet og det særeigen bygningsmiljøet i sentrum, er med på å gje identitet til sentrum. Saman med det nære kulturlandskapet har ein utgangspunkt for vidare utvikling.

Fylkeskommunen presiserar at tilhøvet til automatisk freda kulturminne vert ikkje avklare på dette overordna plannivået. Dette vil fyrst verte undersøkt og avklara i samband med at dei einskilde regulerings- / bebyggelsesplanar vert sendt fylkeskommunen på høyring.

11. Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE

Viktig å etablere buffersone mellom steinbrotet og vassdraget, for å motverke avrenning, hindre flaum og unngå fare for at sprengstein skal hamne i elva.

I konsekvensutgreiinga må faren for flaum og ras i vassdraga vurderast i samband med planlegging av nye område for bustadbygging (100-årsflaum). Dersom det på overordna nivå kjem fram at det ligg føre potensiell fare, må det setjast vilkår om nærare undersøkingar i samband med reguleringsplan.

12. Barnerepresentant Svein Slyngstad

G/S – veg til Grunnvik må vurderast nøye i dette planarbeidet. På grunn av utrygg skuleveg har 1. – 4. klasse rett til gratis skuleskyss frå Grunnvik og sørbygda. Sørbygda har ”gamleveg” som alternativ veg til sentrum, så behovet for sikrere skuleveg er størst til Grunnvik. Dersom det skal byggjast ut fleire tomter i Grunnvik, må det etablerast G/S – veg.

13. Olav Kjetil Greivstad

Motorsportsenter: Meiner påtenkt flytting av motorsportanlegget mot aust vil føre til endå meir støy i retning Greivstad. Sommarstid er dei plaga av støy frå motorkross-aktiviteten slik banen ligg i dag. Ei flytting vil mest truleg gjere det verre på grunn av dei topografiske forholda i området. Det må innførast tidsavgrensingar på bruken av anlegget.

Av omsyn til snøtilhøva bør eit framtidig anlegg for snøskuterar leggest i eit område av kommunen der det er snø kvart år.

Flyplassen: I kommuneplanen må det innførast tidsavgrensing av flyaktiviteten på kveld og helger. Åpningstider for flyplassen: man –fre 08-17 og lør- søn 10-17

3. Analyse - dagens situasjon

Kartskissene som er utarbeidd i samband med analysene under, går fram av eige vedlegg.

Landskap (kart 1)

Fyresdal sentrum ligg mellom kraftige fjellformasjonar som skaper eit stort landskapsrom. I vest er rommet avgrensa av bratte og steile Vikfjell og Høgenut, i aust av lange og meir "rolege" liar opp mot Sitjenetten og Geitenetten. Fyresdal sentrum ligg der som dalbotnet møter Fyresvatn

Sjølve området kring sentrum av Fyresdal er flatt, kanskje derav det gamle namnet "Moland", med unntak av dei to Hamarane som stikk opp; Klokkehamaren i sør og Kynjushamaren i nord. Hamarane og skogkleddelie liar rammar inn det elles opne landskapet i Fyresdal sentrum, med store opne dyrka flater og Fyresvatn som "golvet" i landskapet.

Utbyggingstrekk

Bustader (kart 2)

Utbygging av nye bustader nær Fyresdal sentrum har dei siste 30 – 40 åra stort sett skjedd i desse områda:

- Tøddebakkane
- Prærien
- Grunnvik
- Sørbygda

Einaste av desse områda som det i dag er tilrettelagde, ledige tomter er i Tøddebakkane med om lag 12 tomter.

Offentlege bygningar (kart 3)

Fyresdal kommune er i den (heldige) situasjonen at skule, barnehage, kommunehus, symjehall, legesenter og samfunnshus (kulturhus) ligg i same området. Einaste offentlege institusjon som ligg noko lenger vekk er Pleie- og omsorgsenteret (POS), om lag 500 meter lenger nord. I tillegg ligg det ein del omsorgsbustader som høyrer til under POS, spreidd noko rundt i Fyresdal sentrum.

Handel/ service/ Industri (kart 4)

Molandsmoen er industriområdet i Fyresdal, der det ligg fleire større verksemdar. Kommunen har nyleg kjøpt opp ytterlegare areal til industriområdet og området heilt ned til Fv 401 er nå regulert til industri. Ny reguleringsplan for industriområdet vart vedteken av kommunestyret 17.06.04. I reguleringsføresegnene vert det sagt at det òg kan tillata kontor- og handelsverksemdar, men at desse fortrinnsvis skal vere knytt til produksjonen i området.

Hovudsenteret for handel i Fyresdal er i Folkestadbyen som samstundes inneheld busetnad med mange andre føremål: I tillegg til verksemdene som er knytt til rein handel, finn ein bakeri, vertshus, bank, lensmannskontor og mange bustadhus; fleire av bygningane har bustader i 2. høgda og handel/ service i fyrste. Det er ledige lokale i nokre av dei gamle buene i sentrum.

Folkestadbyen har nyleg vore gjennom ei omfattande opprusting og fekk som fylgje av dette Tettstadprisen i 2003. Fleire av husa i sentrum er freda og heile den gamle delen av sentrum

er verneverdig. "Øyskogen" (bygdetunet) sine gravhaugar, bygningar og furutre, er også freda. Gjeldande reguleringsplan for Folkestadbyen er frå 1997 og legg ein føringar på byggjeskikk og arealbruken i området og bandlegg m.a. store delar av området gjennom reguleringsføremålet "spesialområde bevaring".

I tillegg til Molandsmoen og Folkestadbyen som er sentra for høvesvis industri og handel, har ein framleis nokre lokale forretningar i grendene i Fyresdal. Ei av desse, Grunnvik landhandel, ligg innanfor området til kommunedelplanen. I tillegg har ein Bondal verkstad og bensinstasjon (Shell) lokalisert på "Prærien". Fyresdal Airpark hotell ligg rett sør for sentrum, ved Fyresvatnet.

Tidlegare vedtekne regulerings- /bebyggelsesplanar i området

- Reguleringsplan Tøddebakkane Syd, Stadfesta 03.01.1980. Endringar av vegar i 1982.
- Reguleringsplan Tøddebakkane Aust, vedteken 23.11.1988, endring av tomter vedteke 27.08.1998
- Reguleringsplan Sentrum Vest, stadfesta 17.07.1980
- Reguleringsplan Folkestadbyen, sist endra 30.10.1997
- Reguleringsplan for Fyresdal Flyplass, stadfesta 16.12.1982
- Reguleringsplan for industriområdet på Molandsmoen, vedteken 17.06.2004
- Bebyggelsesplan Nesland, vedteken 06.05.1997, endringar (3 nye tomter) vedteke 08.09.2005

Dei planane som er eldre enn 10 år har ikkje lenger oreigningsheimel. Dei likevel juridisk verknad ved at dei styrer arealbruken i områda. Gjennom arbeidet med rullering av kommunedelplan sentrum, må ein ta stilling til om samtlege bebyggelsesplanar/ reguleringsplanar i delplanområdet skal vidareførast, dvs. liggje inn som gjeldande, eller om nokre av dei skal takast ut og som fylgje av dette opphevast. Dersom det ligg føre planar som ikkje lenger fungerer som bindande for arealbruken i eit område og som ein ikkje ser som teneleg i høve til framtidig arealbruk i eit område, bør dei takast ut. Det vil då truleg vere betre å la kommunedelplanen direkte regulere arealbruken i område, evt. igangsetje arbeidet med ny regulering-/ bebyggelsesplan for området.

Viktige friluftsområde, grøntkorridorar (kart 5)

Dei vassdragsnære delar av Fyresdal sentrum utpeikar seg som særleg viktige område i høve til rekreasjon og friluftsliv. Frå hotellet i sør til Stykkjesvika i nord er det tilrettelagte turstiar som er mykje nytta av fleire grupper; skule/ barnehage, innbyggjarar lokalt, turistar osv.

Kommunen har nyleg kjøpt opp skogen som tidlegare låg til Opplysningsvesenets fond (OVF) sin eigedom i Fyresdal. Bakgrunnen for dette var primært og sikre Klokkehamaren som eit særleg viktig, sentrumsnært friluftsområde. Skulen og barnehagen ligg heilt inntil dette skogsområdet. Den nordre teigen av skogeigedomen, Kynjushamaren, var viktig både fordi den grensar inn mot Stykkjevika – eit veldig viktig friluftsområde i kommunen, samstundes som ein del av dette skogområdet fungerer som korridorar frå sentrum til Stykkjevika.

Fyresdal kommune har med bakgrunn i ovanemnde kjøp fått tilsagn frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) om tilskot til sikring av friluftsområde på Klokkehamaren og halve Kynjushamaren.

Naturverdiar/ biologisk mangfald (kart 6)

Folkestadbyen og området ved Moland Kyrkje inneheld som nemnd fleire bestand av gamle furutre som er administrativt freda, der Fylkesmannen har forvaltningsansvaret. Desse områda er omfatta av eigne reguleringsplanar (reguleringsplan sentrum vest og Folkestadbyen) der trea/ områda er regulert til bevaring.

Ved utløpet av Dalåi i nordenden av Fyresvatn (ved Stykkjevika) ligg eit stort elvedelta. Ved deltaet ligg det og eit par tjønner. I desse områda er det registrert fleire regionalt sjeldne planteartar. I tillegg er området viktig for våtmarksfugl og som gyteplass for storauren i Fyresvatn. (Kjelde: Rapport, biologisk mangfald 2004, Edvardsen).

Landbruksinteresser (kart 7)

Områda i og ikring Fyresdal sentrum inneheld dei beste jordbruksareala i kommunen som må takast særleg omsyn til (Landbruksplan 2004). Store samanhengande jordbruksareal ved Svalestoggardane og ved Prestegarden er kanskje dei viktigaste områda, men òg mykje av jordbruksareala sør for sentrum. Skogområda kring sentrum er stor sett av middels og høg bonitet.

Samstundes ligg det ein del mindre ekrer som er av mindre verdi jordbruksmessig, men som likevel har ein viss verdi som landskapselement. Denne dyrkamarka er i mange tilfelle dårleg arrondert, gjerne inneklemt av hus og anlegg. Den er òg ofte i dårleg hevd, vassfylt og vert enkelte år ikkje slått på.

Jordbrukslandskapet innan delplaneområdet utgjer samla sett eit flott kulturlandskap, der gamal busetnad i Folkestadbyen er omgjeven av større og mindre gardar, store, gamle tre/ trerekjer, steingardar osv. Nyare busetnad og inngrep gjer likevel til at visse delar av området er mindre heilskaplege enn andre. Dei viktigaste kulturlandskapa i området er vurdert å vere områda langs "gamleveg" frå Folkestadbyen og sørover; Wæthing – og Moghusgardane til og med Lofthus, Siktun og Kåsa.

Infrastruktur (kart 8)

Rv 355 strekkjer seg frå nord i Krossli, gjennom heile kommunen til sør i Kilegrend/ Drang og vidare til Tjønnefoss i Nissedal kommune. Rv 355 er hovudferdselsåra inn og ut av Fyresdal, men vert ikkje rekna for å vere noko gjennomfartsveg i høve til vegnettet i regionen. Vegen gjennom sentrum har ein ÅDT på om lag 600 (1998). Haldningsklasse B gjeld for avkøyringar gjennom heile delplanområdet.

Frå sentrum og sørover mot Nesland ("Sørbygda"), fungerer den gamle bygdevegen som G/S-veg. Nordover til Grunnvik har det dei siste åra vore drøfta utbygging av G/S-veg alt. Fortau. Ein har nå kome fram til at dette skal takast stilling til i samband med rullering av kommunedelplanen. Til bustadfeltet Tøddebakkane er det fortau langs tilkomstvegen over Århusjordet.


4. KONSEKVENsutGREIINGAR

I vedteke planprogram for planarbeidet, er det lagt inn utgreiingstema for kvar av dei einskilde byggjeområda som skal vurderast, dvs. byggjeområde for bustader, for offentlege bygningar og område for motorsport og steinbrot.

1. Steinbrot og motorsportanlegg

Området ligg nordaust for Fyresdal flyplass og inneheld skog av høg og middels bonitet. Områda har vegtilkomst frå avkøyring i nordenden av flyplassen. Om lag 100 meter sør for aktuelt steinbrot, ligg det 3 busetnader og i nord grensar området inn mot Modølsåi.

Det planlagte motorsportanlegget vert vurdert i arbeidet med kommunedelplanen fordi det er naturleg å sjå det i ein større samanheng i høve til støy osv. Sidan det ligg føre reguleringsplan for området ved flyplassen, må den formelle tilrettelegginga likevel skje i høve til denne planen.



Planprogrammet seier at fylgjande tema må utgreiast i aktuelle område for motorsport og steinbrot:

- Landbruk- næringsinteresser
- Støy, luftforureining
- Forureining frå vassdrag
- Trafikktryggleik/ avkøyring

Utgreiingstema	Steinbrot	Motorsportanlegg
Landbruk/ Næringsinteresser	Behov for knusa masse i kommunen, sentral lokalisering i kommunen. Produktive skogareal vert teke i bruk, men dette vil ha lite å sei i høve til samla skogressursar. Området som er foreslege bandlegg store areal.	Ligg i utkanten av eksisterande anlegg/ flyplass. Vil ha lite å sei for landbruksdrift i området.
Støy, luftforureining	Viser til vedlagt støyutgreiing. Aktiviteten som er særleg støybelastande vil føregå i kortare periodar i samband med sprenging og knusing. Arealet ligg i eit område som inneheld lite busetjing (2-3 bustader), der to av husa ligg heilt i ytterkant av gul sone. Det må leggjast inn krav om avbøtande tiltak, t.d. vatningsdyser, for å unngå støv frå anlegget.	Viser til vedlagt støyvurdering. Eit hus ligg innanfor "gul sone". Må vurdere tiltak for å hindre støy.
Forureining til vassdrag	Nordre del av området som er ynskjeleg for steinbrot, ligg så nær Modølsåi at det vil vere fare for forureining/ avrenning frå steinbrotet i samband med sprenging og knusing. Steinbrotet bør trekkjast vekk frå elva.	Lite aktuelt.
Trafikktryggleik/ avkøyning	Fellesavkøyning i nordre del av flyplassen skal nyttast. Avkøyninga må flyttast 15 meter mot sør jfr. synfaring med vegvesenet hausten 2005. Utforming av avkøyninga skal fylgje vegnormalane sine krav for avkøyning dimensjonera for stor lastebil.	

2. Bustadområde

Gjennom gruppearbeidet som vart gjennomført hausten 2005 kom det fram mange aktuelle område for bustader. Behovet for sentrumsnære bustadtomter i Fyresdal meiner ein i snitt er maks 2 – 3 per år. Ein kan rekne med at manglane tilbod av alternative, sentrumsnære tomter har skapa eit ”oppdent” behov og at dette kan utløyse meir bygging dei fyrste åra etter at nye tomter er tilrettelagt. Totalt 60 ledige tomter bør likevel dekke behovet dei neste 20 åra i stort monn.

På grunn av at det ligg føre mange ledige tomter i Tøddebakkane aust, ser ein det ikkje som naudsynt å sjå nærare på ei utviding av byggjefeltet mot nord, sjølv om dette òg har vore med i vurderingane tidleg i prosessen. Når det gjeld Holtebakken aust, har ein ikkje jobba vidare med dette alternativet fordi grunneigar ikkje ynskjer området tilrettelagt med bustadtomter. Dei områda som ein ser som aktuelle for utbygging er såleis fylgjande:


1. **Kynjushamaren**
2. **Grunnvik - POS**
3. **Grunnvik aust**
4. **Svalestog**
5. **Tøddebakkane aust**
6. **Sørbygda**

I planprogrammet er det sagt at fylgjande tema skal utgreiast for aktuelle bustadområde:

- Friluftsliv/ grøntområde/ landskap
- Landbruksinteresser, kulturlandskap
- Mjuka trafikkantar, trygg skuleveg
- Bumiljø, ”den gode bustad”
- Økonomi/ utbyggingskostnader
- Risiko og sårbarheit: Radon

1. Kynjushamaren

Området ligg på søndre del av Kynjushamaren og grensar i sør mot Fyresvatn, i aust mot bustadfeltet i Grunnvik og i aust og nord mot samanhengande skogsområde. Arealet kom opp som aktuelt utbyggingsområde i samband med gruppearbeid hausten 2005, der gruppe 1 såg på aktuelle området for bustader.




Tema \ Område	1. Kynjushamaren
Friluftsliv, grøntområde, landskap	<p>Eksisterande turløype går innom nordre del av området. Strandlinja frå Grunnvik, via Øysteinsodden, til Stykkjevika veldig viktig som friluftsliv-/ferdselskorridor mot Stykkjevika. Godt opparbeidd sti langs vatnet i dag som vert rydda. Denne bør styrkast/ markerast ved ei evt. utbygging for å sikre ålmenta tilgang/ ferdsel langs vatnet.</p> <p>Sjølve lia opp mot toppen mindre nytta til friluftsliv, men er truleg noko nytta som lokalt "frileikområde" for busetnaden i Grunnvik.</p> <p>Kynjushamaren er eit markert landskapselement i området. Ivaretaking av toppen som "bakvegg" viktig ved ei evt. utbygging. Det same gjeld fjellryggen som delar området mot eksisterande bustadfelt og ivaretaking av vegetasjon her for å skape skilje mellom områda og dempe verknadene av utbygginga i landskapet.</p>
Landbruksinteresser, kulturlandskap	<p>Området inneheld skogsmark med høg og middels bonitet. Ei utbygging i søndre del av Kynjushamaren vil ha lite å sei i landbrukssamheng.</p>
Mjuke trafikantar, trygg skuleveg	<p>1,6 km til skule. Gang- og sykkelveg langs denne strekningen bør byggjast som fylgje av ei utbygging. Området bør tilretteleggast med gode forbindelsar til løypenett langs vatnet.</p>

<p>Bumiljø - ”Den gode bustad”</p>	<p>Kynjushamaren vil gje flotte utsiktstomter mot sør, med utsikt utover Fyresvatn. Tidleg morgonsol, men mindre kveldsol på grunn av fjellformasjonane i aust. Daglegvareforretning i nærområdet, etablert busetnad i tilgrensande område, flotte friluftsområde i nærleiken, arbeidsplassar i gåavstand (industriområdet) (500 meter), osv. For å få ei god utnytting av området til bustadtomter, bør byggjegransa mot vatnet setjast til 50 meter. For å markere ålmenta sine ferdselsinteresser langs stranda, bør stien forbi området vere godt opparbeidd og tilgjengeleg.</p>
<p>Økonomi, utbyggingskostnader</p>	<p>Ligg i høveleg avstand til eksisterande V/A – leidning, usikkert om arealet er grunnlendt og krev mykje sprenging i samband med etablering av grøfter o.l. Bør vere mogleg med etablering av vegtilkomst utan store kostnader, arronderingsmessig verkar området enkelt å byggje ut. Vegtilkomst bør kome nordanifrå, for å skåne strandområdet og fjellryggen i sør/ søraust.</p>
<p>Risiko og sårbarheit: Radon</p>	<p>Fyresdal har generelt mykje grunnfjell som inneheld radon. Krav til førebygging/ enkle tiltak bør leggjast inn som generell føresegn i byggjeområda.</p>

2. Grunnvik - POS


Aktuelle utbyggingsareal utgjer to teigar: Teig 1 er eit lite skogstykkje i sør, ved Pleie- og omsorgsenteret. Teig 2 ligg på dyrkamarka til sjølve garden Grunnvik, mellom Rv 355 og Fyresvatn. Grunneigaren har fremja innspel om å få leggje areala ut til bustadtomter, 4 tomter i søndre teig og 6 tomter i nordre teig. Tomtegrenser er tenkt 30 meter frå vatnet og med byggjegrænse 40 meter.



Tema \ Område	2. Grunnvik – POS
Friluftsliv, grøntområde, landskap	Ligg i eller inntil viktig ferdselskorridor/ løypenett mot Stykkjevika. Teig B i sør ligg i starten av Klokkarhamaren, som er det viktigast, sentrumsnære rekreasjonsområde. Løypenettet som går gjennom teig B kan evt. flyttast nærare vatnet og opparbeidast/ markerast betre for å sikre ålmenta tilgang. Teig A ligg mellom vegen og vatnet i Grunnvik og opnar landskapet mot Fyresvatn.
Landbruksinteresser, kulturlandskap	Marginale jordbruksareal: Små teigar og til dels vass-sjuk jord som har liten verdi som produksjonsareal. Areal har derimot verdi som del av eit kulturlandskap ved at dei opnar landskapet, skapar rom og utsikt mot vatnet.
Mjuke trafikantar, trygg skuleveg	Gang- og sykkelveg til skulen bør byggjast som fylgje av ei ytterlegare utbygging i Grunnvik.
Bumiljø - ”Den gode bustad”	Området vil gje flotte tomter ned mot Fyresvatnet. Daglegvareforretning i nærområdet, etablert busetnad i tilgrensande område, flotte friluftsområde i nærleiken, arbeidsplassar i gåavstand (industriområdet), osv. For å få ei god utnytting av området til bustadtomter, bør byggjegrensa mot vatnet setjast til 50 meter. For å markere ålmenta sine ferdselsinteresser langs stranda, bør ein stien forbi området vere godt opparbeidd og tilgjengeleg.
Økonomi, utbyggingskostnader	Området har truleg dårleg byggjegrund. Området vil vere enkelt å knyte til kommunal V/A-leidning og ligg inntil eksisterande vegnett.
Risiko og sårbarheit: Radon	Fyresdal har generelt mykje grunnfjell som inneheld radon. Krav til førebygging/ enkle tiltak bør leggjast inn som generell føresegn i byggjeområda.

3. Grunnvik Aust


Områda ligg aust for eksisterande busetand og daglegvareforretning i Grunnvik, aust for Rv 355. Grunneigar har fremja innspel med ynskje om å leggje ut bustadtomter i 3 mindre område; teig A – 2 tomter, teig B – 4 tomter og teig C – 1 tomt. Området inneheld middels og høg bonitet skog.



Tema \ Område	2. Grunnvik aust
Friluftsliv, grøntområde, landskap	Aktuelle areal ligg i skogområda innanfor Grunnvik som er mindre nytta som friluftsområde. Skogsveg til Kåsegrend går gjennom området og vert nytta som turveg og vil vere naturleg som tilkomstveg til tomtene. Ei utbygging vil ikkje ha negative konsekvensar med omsyn til landskapet.
Landbruksinteresser, kulturlandskap	3 B og 3 C ligg i forlenginga av store, samanhengane jordbruksområde. Av omsyn til moglege konflikhtar med drift av dyrkamarka, rår ein til at tomte i 3 C går ut.
Mjuka trafikantar, trygg skuleveg	På same måten som ved utbygging i resten av Grunnvik, så bør det av omsyn til mjuka trafikantar/ skuleborn byggjast g/s – veg mot skulen og sentrum.
Bumiljø - ”Den gode bustad”	Ei utbygging vil gje fine skogstomter i tilknytning til forretning og busetnad i Grunnviksgrend.
Økonomi, utbyggingskostnader	Ligg i grei avstand til v/a- leidning, men må kanskje tilretteleggjast med pumpestasjon. Tomtene verkar elles enkle å byggje på, i høve til terreng og byggjegrund.
Risiko og sårbarheit: Radon	Fyresdal har generelt mykje grunnfjell som inneheld radon. Krav til førebygging/ enkle tiltak bør leggjast inn som generell føresegn i byggjeområda.

4. Tøddebakkane aust


Området ligg i forlenginga av det kommunale bustadfeltet i Tøddebakkane. Grunneigaren i området har fremja innspel med ynskje om å få lagt ut areal for 2 – 5 bustadtomter. Arealet inneheld høg og middels bonitet skog.



Tema \ Område	4. Tøddebakkane aust
Friluftsliv, grøntområde, landskap	Området ligg som ei "øy" mellom veg og ein bekkedal, og har liten verdi som friluftsområde. Arealet ligg i ei li som frå før inneheld mykje busetnad og ei vidare utbygging i området vil i liten grad endre landskapskarakteren.
Landbruksinteresser, kulturlandskap	Arealet ligg nedanfor områda med verdifullt kulturlandskap (Sitje – Lauvdal – Lie). Ei utbygging vil ikkje ha negative verknader for landbruket.
Mjuke trafikantar, trygg skuleveg	Området i slutten av kommunal veg. Fortau startar 100 meter nedanfor og ned til sentrum/ skule. Ved ei utbygging bør det etablerast gangsti frå tomtene og ned mot fortauet.
Bumiljø - "Den gode bustad"	Ei utbygging vil gje fine utsiktstomter over sentrum av Fyresdal og Fyresvatn. Tomtene ligg nær etablert busetnad og sentrumsfunksjonar.
Økonomi, utbyggingskostnader	Området ligg for høgt i terrenget til å kunne koplust på kommunalt vassverk og må difor få etablert eiga vassforsyning.
Risiko og sårbarheit: Radon	Fyresdal har generelt mykje grunnfjell som inneheld radon. Krav til førebygging/ enkle tiltak bør leggjast inn som generell føresegn i byggeområda.

5. Svalestog

Området ligg nord for sentrum og inneheld skog av middels og høg bonitet.




Tema \ Område	5. Svalestog
Friluftsliv, grøntområde, landskap	Området har etter det ein kjenner til liten verdi for friluftslivet. Ei utbygging vil auke utbyggingspreget kring dei sentrumsnære jordbruksareala, med dette vil ikkje nødvendigvis reduserar landskapskvaliteten i området.
Landbruksinteresser, kulturlandskap	Arealet grensar inn mot store, samanhengane jordbruksområde som saman med gardar og busetnad ikring utgjer eit flott kulturlandskap i drift. Ei utbygginga kan føre til konflikhtar med drifta av dyrkamarka; ferdsl på jorda, klager på gjødsling o.l.
Mjuke trafikantar, trygg skuleveg	Må knyte seg til etablert vegnett til sentrum frå Tøddebakkane. Kan fort lage seg stiar, - "beinvegar", over dyrka mark mot t.d. Shell.
Bumiljø - "Den gode bustad"	Ei utbygging vil gje fine, vestvendte utsiktstomter over store jordbruksareal.
Økonomi, utbyggingskostnader	Truleg kostbart og tilretteleggje området med veg og V/A på grunn av avstand til eksisterande infrastruktur.
Risiko og sårbarheit: Radon	Fyresdal har generelt mykje grunnfjell som inneheld radon. Krav til førebygging/ enkle tiltak bør leggjast inn som generell føresegn i byggeområda

6. Sørbygda

Området ligg inne i gjeldande kommunedelplan som byggjeområde for bustader, men er ikkje starta utbygd. Vurderinga vert difor forenkla i høve dei andre utbyggingsområda.

Det aktuelle utbyggingsarealet ligg i tilknytning til eksisterande busetnad i Sørbygda.


Tema \ Område	6. Sørbygda
Friluftsliv, grøntområde, landskap	Området er etter det ein kjenner til ikkje særleg viktige for friluftslivinteressene. Landskapsmessig vil ei utbygging ikkje forringe området.
Landbruksinteresser, kulturlandskap	Skogområde med høg produktivitet, men som grensar til busetnad og vegar på fleire kantar, samt straumline gjennom området.
Mjuke trafikantar, trygg skuleveg	"Gamleveg" fungerer godt som g/s-veg mot sentrum for gåande og syklende.
Bumiljø - "Den gode bustad"	Flotte utsiktstomter over Fyresvatn. Området ligg over 1 km frå sentrum og om lag 1,5 km frå skule og barnehage.
Økonomi, utbyggingskostnader	Utanfor område med kommunalt V/A-nett. Må lagast private anlegg, helst i fellesskap. Omfanget av utbygginga må vurderast i høve til rammeløyve som ligg føre. Tilkomstveg til nytt og eksisterande bustadfelt bør sjåast på og planleggjast i samanheng.
Risiko og sårbarheit: Radon	Fyresdal har generelt mykje grunnfjell som inneheld radon. Krav til førebygging/ enkle tiltak bør leggjast inn som generell føresegn i byggjeområda



3. Offentlege byggjeområde

I gruppearbeidet vart behovet for utbyggingsareal i tilknytning til Pleie- og omsorgssenteret trekt fram som viktig. Behovet for m.a. omsorgsbustader ser ut til å auke kraftig i åra som kjem og ei lokalisering av desse nær POS, vil vere veldig viktig for å kunne ha ei effektiv drift av omsorgstenestane. Dersom prognosane ser ut til å vere feil, vil ein kunne vurdere alternativ bruk av areala ein gong i framtida.

Gimle skule og Barnehagen grensar inn til Klokkarhamaren, som er peika ut som det viktigast rekreasjonsområdet i sentrum og som kommunen av den grunn har kjøpt. Det området som alt ligg inne som offentleg byggjeområde i gjeldande kommunedelplan tilsvara det som etter alt å døme er tilstrekkeleg i åra som kjem.



Tema \ område	Pleie- og omsorgsenter	Skule/ barnehage
Friluftsliv/ grøntområde	Eksisterande utbygging grensar inntil Klokkehamaren og er tilrettelagt med veg for rullestolbrukarar ned mot vatnet. Vidare utbygging ved POS må ta omsyn til ferdselskorridor/ eksisterande sti langs vatnet. Utlegging av meir utbyggingsareal mot aust vil gje mindre press på utbygging mot vatnet.	Grensar inntil Klokkehamaren og inneheld fleire stiar inn i området. Viktig å ta vare på tilgjengelegheten mellom skule/ barnehage og skogområdet. Hovedturvegen gjennom området går eit stykke vekk frå skulen og kjem ikkje i konflikt med dei offentlege byggjeområda.
Mjuke trafikantar, trygg skuleveg	Ynskje om utbetring/ betre tilrettelegging av stien sørover mot skulen og nordover langs vatnet, slik at den på sikt kan nyttast av rullestolbrukarar. Elles tilrettelegging av g/s-veg til Grunnvik viktig for brukarar og personalet på POS	I samband med ombygging av skulen vert tilkomst til skulen vurdert på ny, skilje mellom køyrande og gåande/syklane, nye parkeringsareal, utomhusplan osv.
Økonomi/ utbyggingskostnader	Økonomisk gunstig å samle framtidig utbygging av omsorgsbustader til POS for optimal bruk av personalressursane.	Store kostnader med ombygging/ rehabilitering av skulen, grunna gamal/ lite tidsmessig bygningsmasse. Viktig å ha nok areal kring skulen for framtidig uteområde.
Radon	Må undersøkjast nærare i samband med vidare utbygging.	Må undersøkjast nærare i samband med vidare utbygging.

5. Vurdering av støy i planområdet


Nordre del av planområde, ved flyplassen og industriområdet, inneheld i dag aktivitetar som inneber støy til omgjevnadene. I tillegg er det planar om eit utvida anlegg for motorsport – flytt noko lenger aust for flyplassen, samt steinbrot nordaust for flystripa, som vil innebere ytterlegare støy. Som ei fylgje av dette har ein fått vurdert støyen som fylgjer av desse aktivitetane, for å kunne ta omsyn til dette ved planlegging av m.a. nye bustadområde. Rapporten (Kildeakustikk AS, Rapport 2947-1, mars 06) ligg føre som eige vedlegg til planomtala.

I planprogrammet til rulleringa av kommunedelplanen, er støy berre teke med som tema under ”steinbrot og motorsportanlegg”. På bakgrunn av støyrapporten som nå ligg føre, må omsynet til støy òg vere eit tema ved vurdering av nye bustadområde.

Det mest utsette området med omsyn til støy – *restriktiv sone* (raudt område i støyrapport), er naturleg nok nærområdet til flyplass og motorsportanlegg. Det ligg ikkje bustader i dette området i dag. Det såkalla *vurderingsområdet* (gult område) omfattar eit mykje større areal og særleg områda sør og nord for flyplassen (landing/ letting). Vurderingsområde – gul soner – skal gje eit signal til utbyggjar om at støy må vere eit tema i planar for ny støyfølsom busetnad (bustader, skular o.l). Dei gule sonene kan innebere at ein ser det som uforsvarleg å tillate utbygging i eit område, dersom området ligg nær støykjelda e.l. I andre tilfelle kan ein vurdere det som tilstrekkeleg at ny busetnad tek omsyn til mogleg støy gjennom plasseringa av bygningane, støyisolering e.l.

Det aktuelle utbyggingsområdet på Kynushamaren ligg i all hovudsak utanfor ”gul sone” i støyvurderinga. Den nordlegaste delen må evt. vurderast nærmare med omsyn til tiltak mot støy, i samband med detaljplanlegginga. Store delar av Grunnviksgrend er òg omfatta av gul sone og ein bør av den grunn vere varsam med vidare utbygging, særleg i dei næraste områda til flyplassen.

Støysonene er lagt inn i plankartet og vert i tillegg omfatta av tilhøyrande føresegner og retningslinjer til planen.



6. Val av nye utbyggingsområde for bustader

Med bakgrunn i gruppearbeid hausten 2005 med påfylgjande konsekvensutgreiingar av dei aktuelle områda, har ein kome fram til fylgjande nye utbyggingsområde:

Det vert gjort framlegg om at delar av Kynjushamaren vert lagt ut til bustadføremaal. Området har veldig mange gode kvalitetar og vil truleg vere eit veldig godt alternativ til dei tomtene kommunen har å tilby i dag. Arealet omfattar den delen av Kynjushamaren som vart søkt om midlar til som friluftsområde gjennom Direktoratet for Naturfovaltning. Søknaden er innvilga, men kommunen har endå ikkje teke i mot tilskotet, då dette vil binde opp området til friluftsområde. I kontakt med DN har ein fått tilbakemelding om at det ikkje vil vere problematisk for dei å trekkje attende denne delen av søknaden.

Innspelet om bustadbygging Grunnvik – POS, vert ikkje tilrådd. Omsynet til framtidig arealbehov kring POS er den viktigaste årsaka for den sørlegaste teigen. Den nordlegaste teigen ligg på dyrka mark. Sjølv om dyrka marka har liten verdi som jordbruksareal, har den stor verdi for kulturlandskapet og opnar grenda ned mot vatnet. Områda nede i Grunnvik ligg dessutan rett sør for flystripa, innanfor ”gul” sone i støyrapporten, og bør òg av omsynet til dette ikkje byggjast ut vidare.

Innspelet om utbygging i austre del av Grunnvik vert imøtekomme når det gjeld område 3 B. 3 A ligg nær flystripa og i innanfor ”gul sone” i støyvurderinga, der det må vurderast tiltak for å hindre støyplager. Ein rår difor ikkje til at området vert lagt ut til bustader. 3 C ligg inntil store, samanhengane jordbruksområde og vert av den grunn frårådd. 3 B ligg òg forlenginga av dyrka mark, men med veg som skiljer.

Ein rår vidare til at område 4 vert lagt inn som framtidig byggjeområde, då dette ligg i forlenging av eksisterande busetnad i Tøddebakkane og er lite i konflikt med andre interesser.

Områder 5 – Svalestog, vert frårådd av omsyn til landbruksinteressene og at området vil vere kostbart å tilretteleggje/ byggje ut.

Område 6 ved Lauvrak i Sørbygda, vert rådd til framleis å liggje inne i delplanen som bustadområde. Omfanget av utbygginga må tilpassast rammeløyve som ligg føre for private utslepp.

Langs ”Prærien” rår ein til området vert liggjande inne som byggjeområde for bustader.

I Kåsegrend meiner ein det bør vere høve til frådeling av enkelttomter i tilknytning til busetnaden, men der det vert teke omsyn til dyrka mark o.l. Området vert difor lagt ut til LNF-område med høve for spreidd bustadbygging for 3 tomter.

7. Regulerings- bebyggelsesplanar i delplanen

Tidlegare vedtekne regulerings- og bebyggelsesplanar innanfor delplanområdet, vert lagt inn som framleis gjeldande. Dette trass i at fleire av planane både er gamle av dato og kanskje burde ha vore reviderte. Ein meiner dei likevel har ein viss funksjon i høve til å styre arealbruken i områda og gje visse føringar for byggjeaktiviteten. Det mest naturlege er at den enkelte plan vert teken opp til revisjon når ein ser det tenleg.

I dei områda som det ikkje føreligg juridisk bindande detaljplan for, m.a. bustadfelta i på Prærien og i Sørbygda, må ein vurdere om det er naudsynt å setje i gang ei slik regulering i samband med utvikling av området, nye tomter o.l.

Folkestadbyen

Når det gjeld reguleringsplan for Folkestadbyen, har det undervegs i gruppearbeidet kome innspel om å vurdere ei fortetting med bustadtomter i området. Dette er ein veldig spennande tanke som bør jobbast vidare med. Aktuelle område for fortetting er kanskje tomte kring den gamle saga, bedehuset e.l. Det er sjølvstund mange ulike element ein må vurdere i eit slikt arbeid: Omsyn til verneverdiane i området, brannførebygging, eigedomstilhøve osv. Men at dette kunne ha utløyst heilt ei ”ny” type attraktive sentrumstomter i Fyresdal er mykje truleg. Gatene i Folkestadbyen er for mange små idyllar, som truleg vil vere attraktive å etablert seg i.

Ein anna del av Folkestadbyen som kunne ha vore aktuell for regulering, er området mellom forretningsbygget og LHL-bustadene. Arealet imellom ligg som eit restareal og LHL-bygningane heng lite i hop med resten av Folkestadbyen. Regulering av det gjenverande Århusjordet, t.d. med høve til bygging av kombinerte bygg for forretning (nede) og bustad (oppe), etablering av gateløp som knyter sentrumsbygget og LHL saman, osv., er tiltak som kunne ha vore med å utvikla Folkestadbyen vidare.

Dersom det er ynskjeleg å starte revisjon av reguleringsplan for Folkestadbyen, med tanke på å gjere ”grep” slik som antyda ovanfor, kan dette fremjast t.d. i samband med handsaminga av kommunedelplanen, som ei oppfylgging av denne.

Nye byggjeområde som vert lagt inn i kommunedelplanen får krav om utarbeiding av bebyggelsesplan, der det er planuvald som er avgjersmynde. Detaljplanen skal leggje til rette utbygginga av området med vegar, tomter o.l. og skal vere styrande for utbygginga i området.

Flytting av anlegg for sorteringsanlegg/ hyttecontainerar ved flyplassen

Ved fleire høve har det vore oppe tankar om å flytte anlegget for sortering av avfall og hyttecontainerar ved flyplassen. Dette fordi anlegget verkar skjemmande der det ligg og fordi det ligg heilt inntil parkering og flytårn/ kiosk til flyplassen. Området på andre sida av riksvegen peikar seg ut som særskilt aktuelt: Området er kanskje endå meir tilgjengeleg for dei som kjem frå hyttene i Birtedalen og er samstundes like tilgjengeleg frå riksvegen for andre som nyttar seg av sorteringsanlegget. I samband med flytting er meininga at anlegget skal byggjast inn/ skjermast slik at det ikkje skjemmer området slik som anlegget i dag gjer.

Kommunedelplanen kan ikkje direkte leggje inn nytt arealføremål med juridisk verknad, dette må formelt skje gjennom reguleringsplanen for området. Ein ser det likevel som viktig å signalisere dette tiltaket i kommunedelplanen nå og vèl difor å markere tiltaket som informasjon i plankartet.

8. Tilrettelegging for mjuke trafikantar: Gang-/ sykkelveg eller fortau?

Ved fleire høve dei siste åra har det kome spørsmål og framlegg om etablering av gang- og sykkelveg frå kommunehuset til Grunnvik (flyplassen). Det er naturleg at dette tiltaket vert drøfta og teke stilling til i kommunedelplanen, der ein samstundes tek stilling til framtidige utbyggingar kring sentrum.

I samband med gruppearbeidet hausten 2005, vart sagt at gang- / sykkelveg burde etablerast av omsyn til born og unge og for trafikksryggleiken på strekninga generelt. Det optimale ville vere å leggje til rette for dette heilt til Statoil/ industriområdet, slik at dei som skal på jobb på Molandsmoen eller ungar som skal sparke fotball på "Dyngja", har gangvegforbindelse. Barnerepresentanten har i eige innspel til planarbeidet, fremja same synspunkt. Det som ikkje er teke stilling til, er om ei slik tilrettelegging for mjuke trafikantar må vere som gang- og sykkelveg eller om det er tilstrekkeleg å etablere fortau.

Med bakgrunn i dette har ein gjort ei samanstilling av dei alternative løysingane. Ein rår til at planframlegget inneheld både alternativa, slik at det gjennom høyringa av planen kjem tilbakemeldingar på kva som vil vere den mest tenlege løysinga for området.

Føresetnadene som ligg til grunn ved alternativ 1: Gang- og sykkelveg er som fylgjer: Vegstandardene sine mål inneber at det skal vere 3 meter frå vegkant og til starten av gang- og sykkelvegen. Vidare skal gang- og sykkelvegen ha ei breidde på 3 meter (asfaltert 2,5). I tillegg må ein rekne 2 – 3 meter til grøft utanfor trasèen. Kostnad per løpemetar er, med bakgrunn i erfaringstal frå andre stader, rekna til om lag 800,-/ løpemetar.

Føresetnadene som er lagt for alternativ 2 – fortaug, er som fylgjer: Kantstein eller betongkant skiljer fortau frå køyreveg, fortauet byggjast med ei breidde på 3 meter (asfaltert 2,5 meter) av omsyn til brøyting, i tillegg kjem 2 – 3 meter til grøft. Kostnad per løpemetar er, med bakgrunn i erfaringstal frå andre stader, rekna til 600,-/ løpemetar.

Kostnad med grunnerverv, prosjektering/ kontroll (10%), er ikkje teke med i prisane. Ny belysning trengst på om lag 1 km av strekninga. Kostnaden ved dette ligg på 400 – 500,-/ lm. Årlege driftsutgifter (brøyting): G/s – veg : 7,-/ lm, fortau 10,-/lm.

På neste side har ein prøva å sette opp fordelar og ulemper med kvar av alternativa i tabell.

	Gang- og sykkelveg	Fortau
F O R D E L A R	<ul style="list-style-type: none"> • Gje best trafiksikring ved at det vert fysisk skilje mellom gåande/ syklane og køyrande. Anbefalt av vegvesen. • Vegvesenet har sagt dei vil ta over drifta (brøyting) av G/S-vegen dersom denne held ein god standard • Kan tilpasse seg landskapet og evt. hindringar, t.d. ved å trekkjast nærare riksvegen der det er lite plass (t.d. ved Furulund). Kan i større grad òg ta vare på trerekker o.l. som skapar skilje mellom veg og mjuke trafikkantar. • Plass til snølagring på sidene, utan at dette hamnar ut i køyrevegen. • Kan brukast av både gåande og syklane. 	<ul style="list-style-type: none"> • Tek mindre areal <ul style="list-style-type: none"> ➤ Mindre erverv av grunn (3 meter mindre * 1400 meter) = 4200m² mindre • Mindre kostbart enn g/s-veg. • Vagrare?
U L E M P E R	<ul style="list-style-type: none"> • Kostbart • Tek mykje plass: Opptil 8 – 9 meter frå vegkant. • Kjem meir i konflikt med bustadeigedomar/ tek meir hageareal 	<ul style="list-style-type: none"> • Mindre god løysing i høve til trafikktryggleiken • Ikkje for syklane • Vanskelegare med brøyting/ snølagring • Mykje snø: Veg og fortau kjem på same nivå.

I framlegget til kommunedelplan rår ein til å leggje ut 2 alternative løysingar:

- 1. Gang- og sykkelveg som tek omsyn til busetnad som ligg nære vegen, dvs. går inn på ein annan standard (1 meters rabatt eller fortau) der det er naudsynt. Dette gjeld særleg forbi Moen, bustad i Holtebakken, samt ved Oland og Furulund i Grunnvik.**
- 2. Fortau heile strekningen**

Sidan kommunedelplanen er sett til å ha eit tidsperspektiv på 20 år, vert framlegget til g/s-veg/ fortau lagt inn heilt til Molandsmoen. Utbygginga kan skje trinnvis, der fyrste byggjetrinn i det minste bør vere til bustadfeltet i Grunnvik (1,4 km).

På grunn av målestokken i plankartet vil det ikkje gå fram skilnad mellom gang-/sykkelveg og fortaug. Dette vil derimot gå fram av føresegner og retningsliner til planen.

9. Område for motorsport og massetak (steinbrot)

Nytt motorsportanlegg

Planar om flytting av eksisternade motorsportanlegg ved flyplassen lenger aust, er jobba med som eige prosjekt det siste året og går fram av eigen rapport. Flyttinga inneber ei endring av reguleringsplanen for området, og må takast endeleg stilling til i høve til denne. I denne samanheng må også opningstider o.l. regulering.

I framlegg til kommunedelplan vert nytt motorsportanlegg difor lagt inn som informasjon, slik at det vert sett i samanheng med resten av arealbruken i området. Støyvurderingane som er laga i samband med delplanarbeidet, har òg teke dette tiltaket inn som aktuell støykjelde og motorsportanlegget er konsekvensutgreidd saman med steinbrotet. Resultatet av støyvurderinga syner at berre eit mindre område kring anlegget kjem innanfor vurderingssona for støy og at eit eksisterande bustadhus kjem innanfor. Ein meiner at plasseringa av anlegget ved flyplassen er ei god løysing lokaliseringmessig på fleire måtar: Ein får til eit felles aktivitetsanlegg for ulike typer motorsport sommar og vinter, i eit område som er lett tilgjengeleg og ligg sentralt i kommunen for brukarane, samt i nærleiken av andre tenestetilbod. Snømangel vil sjølvsagt vere eit problem enkelt år eller i delar av sesongen, men då dette er eit anlegg for både sommar og vinter, kan ikkje dette aleine vere grunn til å leggje vekk planane. Drifta av anlegget vinterstid må uansett tilpassast vèrtilhøva.

Massetak

Med bakgrunn konsekvensutgreiing for planlagt steinbrot, rår ein til at areal for masseuttak vert avgrensa til å gjelde området sør for det arealet som alt er teke i bruk. Arealet mellom vegen og elva rår ein til at ikkje vert teke i bruk til uttak av stein, av omsyn til mogleg avrenning / forureining til vassdraget. Ein mindre del av arealet ovanfor vegen kan bør derimot kunne nyttast til lagring av masse.

Det området ein legg inn som masseuttak i delplanen, vil etter alt og døme vere tilstrekkeleg innehalde ressursar nok til både 10 og 20 år, alt etter kor stor etterspurnaden vert. Dersom det skulle vise seg at det vert behov for å ta i bruk eit større areal, kan dette vurderast ved ei seinare revidering av delplanen eller gjennom reguleringsplan for området.

Ein rår til at det vert lagt inn reglar knytt til istandsetting av området etter avslutta uttak, driftstid osv. i føresegnene til steinbrotet.

10. Born og unge sine interesser i planarbeidet

Bornas representat i plansaker var representert i gruppearbeidet som har danna grunnlaget for mange av vurderingane og framlegga som planen legg opp til.


Fleire trafikkmessige tiltak vart trekt fram i gruppene. Tiltak som omlegging av tilkomstveg til barnehage, skule og helsehus vert arbeidd vidare med i samband med planlegging av utbygging på skulen. Det er lagt fram skisser som syner aktuelle løysingar med tanke på tilkomst, parkering o.l.

Gang- og sykkelveg er kanskje det viktigaste tiltaket delplanen legg opp til, av omsyn til mjuke trafikkantar og ein trygg skuleveg. Tiltaket er omhandla i eige kapittel, der alternative løysingar gang- og sykkelveg eller fortau er drøfta. Andre trafikkfarlege punkt som er nemnt (kryssing mot bankplassen og vidare mot Syverts) må evt. takast opp ved revisjon av reguleringsplan for Folkestadbyen eller anna detaljplan for området.

Friluftsområda Klokkarhamaren og Stykkjevika er trekt fram som særleg viktige. Klokkarhamaren er særleg viktig som nærområdet til skule og barnehage og er jamnt i bruk. Strandområda til Bryggeparken og mot Stykkjevika skal leggjast vidare til rette for alle aldersgrupper, gjennom betre opparbeiding av løypenettet. Framlegget til kommunedelplan markerar dei viktige friluftsområda og løypenettet i tilknytning til dette.

Skulen og barnehagen vert sikra utvidingsmoglegheit for framtida ved at nærområdet til skulen inn mot Klokkarhamaren vert i delplanen lagt ut til "offentleg føremål".

Ved planlegging av nye bustadområde, må det setjast av areal til lek for dei minste. Ved omregulering av eksisterande planar for bustadområde, må omsynet til leikeareala ivaretakast.



Frå Stykkjevika

11. Friluftsliv og naturvern

Dei to viktigast områda for friluftsliv i nærområde til Fyresdal sentrum er Klokkarhamaren og Stykkjevika. I tillegg er stien langs Fyresvatnet mellom desse områda og vidare til Bryggjeparkern og hotellet veldig viktige for ålmenta, skuleborn/ barnehage og for turistar. Desse ferdselskorridorane er særst viktige å oppretthalde og vidareutvikle til å kunne brukast av ei endå breiare befolkningsgruppe, dvs eldre og rørslehemma. I framlegget til kommunedelplan vert denne trasseen lagt inn under kategorien "Viktige ledd i kommunikasjonleddet" med underføremålet *Hovudturveg*. Som fylgje av eit slikt føremål, må vidare opparbeiding skje etter private avtaler.

Ein rår til at Både Klokkarhamaren og Stykkjevika vert markert som viktige friluftsområde i delplanen. Dette vert lagt inn som retningsline, dvs. at det i samband med evt. tiltak som det vert søkte om, skal takast omsyn til desse verdiane i vurderinga.

Dei større trefredningane som finst i Fyresdal sentrum, i Øyskogen og ved Prestegardsstranda, ligg som tidlegare nemnt i område som er omfatta av reguleringsplan, og er sikra gjennom desse. Elvedeltaet ved utløpet av Dalåi meiner ein vert tilstrekkeleg teke vare på gjennom LNF-kategorien i kommunedelplanen.



Bilete frå Klokkarhamaren 1904. Moland kyrkje, prestegarden, og rutebåten Teisner ved bryggja. Moghus- og Wæthinggardane på rekkje heilt i bakgrunnen

12. Kulturminnevern

Dei viktigaste kulturminna i planområdet er i all hovudsak omfatta av reguleringsplanar som framleis skal gjelde og som er avmerkt i kommunedelplanen. Unntaket er automatisk freda bur på Moghus nordre, som er markera i plankartet.

Skeiesteinen

”Skeiesteinen” ligg innanfor reguleringsplan for industriområdet Molandsmoen og er regulert til spesialområde bevaring. Kommunen har vore i kontakt med det Regionale Kulturminnevernet med tanke på å flytte runesteinen vekk frå der den stend i dag. Dette fordi den steind i ei vegkryss, inneklemt mellom vegar og industribygningar. Kulturminnet kjem ikkje ”til sin rett” der den stend og kan fort verte øydelagt ved ei utforkøyring e.l. Ei flytting er ein omfattande sak som vil truleg verte drøfta vidare framover i tid. Ein tek ikkje vidare stilling til dette spørsmålet i denne overordna planen, då dette er ei sak i høve til kulturminnemynda sentralt og deira lovverk.

Gravfelta i Folkestadbyen

I museumsområdet ”Øyskogen” og elles mellom busetnad i den gamle Folkestadbyen, ligg det fleire automatisk freda gravhaugar. Gravhaugane er regulert til spesialområde bevaring i reguleringsplan for Folkestadbyen.

Folkestadbyen

Den gamle, verneverdige busetnaden i Folkestadbyen er gjennom reguleringsplanen for Folkestadbyen regulert til spesialområde bevaring. Reguleringsplanen skal halde fram som gjeldande.



VEDLEGG

Støyrapport frå Kildeakustikk AS, Rapport 2947-1, mars 06

Planprogram, vedteke 15.02.06

Resultat frå arbeidsgruppene, hausten 2005

Analyse – kartskisser

Brev frå vegvesenet vedk. gang- og sykkelveg til Grunnvik, 15.11.05